

# Referat språkpolitisk utval ved Universitetet i Bergen

Dato: 16.10.2023, kl. 13.30 – 15.00, Nygårdsdaten 5, Marineholmen

Til stades: Endre Brunstad, Rune Johan Krumsvik, Ingrid W. Solhøy, Anna Svingen-Austestad, Rasmus Tennø Loe og Hans-Petter Isaksen

Fråvær: Marita Kristiansen

**Sak 22/23** Godkjenning av [referat frå møte 1. juni 2023](#) og sakliste

Ingen merknader

**Sak 23/23** **Orienteringssaker**

1 Handlingsplan for fagspråk i akademia: [Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia](#)

Utsett til neste møte

2 [Framlegg til ny universitets- og høgskulelov](#)

I framlegg til ny UH-lov har ny §2-3 eit punkt om norsk fagspråk og at undervisningsspråket normalt skal vere norsk eller samisk.

Utvalet tek saka til orientering

3 I framlegg til ny UH-lov har ny §2-3 eit punkt om norsk fagspråk og at undervisningsspråket normalt skal vere norsk eller samisk.

Utvalet tek saka til orientering

4 Opning av Termportalen ved UiB 8. september 2023 (Munnleg orientering)

Utsett til neste møte

5 Statsbudsjettet for 2024 (Munnleg orientering)

Det er satt av 30 millionar til satsing på norsk språk: Ein språkpakke innretta mot skuleverket, forskning og høgare utdanning.

Utvalet tek saka til orientering

**Sak 24/23** **Høyring om norskopplæring for internasjonalt rekrutterte medarbeidarar ved UiB**

Sidan det ordinære septembermøtet i språkpolitisk utval måtte utsetjast, blei denne saka i praksis ei orienteringssak. Språkpolitisk utval hadde saka på sirkulasjon i e-post og sendte høyringssvar 15. september.

**Sak 25/23** **Samarbeid med NINJA-prosjektet om seminar dag 6. desember 2023**

Tema: UiBs implementering av handlingsplan for norsk fagspråk i academia:  
Norskkompetanse i academia – frå ord til handling.

Språkpolitisk utval kom med innspel til programmet som gjeld paneldebatten og til framlegg til budsjettet.

Universitetsleiinga løyver opp til 20 000 kroner til gjennomføring av seminaret.

**Sak 26/23 Ny leiar i språkpolitisk utval**

Utsett til neste møte

**Sak 27/23 Eventuelt**

Utvalet ber universitetsleiinga utnemne nytt medlem etter Ingrid Marie Myklebust. For å få ei representativ samansetning av medlemmane, ber utvalet at det blir utnemnd ei stipendiat frå Det samfunnsvitskaplege fakultet.